



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Kvam kraftverk AS
Postboks 64
5601 NORHEIMSUND

Dykkar ref

Vår ref
16/788-

Dato
9.9.2016

Risbruelva kraftverk i Kvam herad i Hordaland - klagesak

Kvam kraftverk AS klagar i brev av 13.8.2015 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 3.7.2015 på søknad om løyve til bygging av Risbruelva kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 4.9.2015.

1. Bakgrunn

Kvam kraftverk AS søkte 3.3.2014 om løyve til bygging av Risbruelva kraftverk.

Risbruelva kraftverk vil nytte eit fall på 300 m i Risbruelva, mellom inntak på kote 355 og kraftstasjon på kote 55. Kraftverket vil ha ei slukeevne på 610 l/s, som svarar til 200 % av middelvassføringa, og installert effekt på 1,55 MW. Det er føreslått slepp av minstevassføring på 29 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 7 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 5 GWh.

Søknaden er kunngjort og sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. **Kvam herad** går inn for at det blir gitt løyve til Risbruelva kraftverk. **Fylkesmannen i Hordaland** (FM) har enkelte merknadar til søknaden. FM ber NVE vurdere den samla belastninga på fossesprøyt- og bekkekløfter i området, spesielt opp mot Tokagjelet kraftverk. Vidare ber FM om at det i eit ev. løyve bli satt krav som motverkar negative konsekvensar for anadrom fisk. **Hordaland fylkeskommune** (FK) er positiv til at det blir gitt løyve. FK meiner at høgare slepp av minstevassføring bør bli vurdert av omsyn til bekkekløft og anadrom fisk, samt ev. behov for forbisleppingsventil.

Biologiske verdier i Risbruelva er undersøkt ytterlegare i samband med eit forskings- og utgreiingsprosjekt med undersøkingar av flora og naturtypar i elver med planlagde småkraftverk. I undersøkinga vart det mellom anna funnen tre mose- og lavartar i den gjeldande Rødlista, mot ingen i tidlegare undersøkingar. Resultata frå denne undersøkinga låg ikkje føre når søknaden vart sendt på høyring.

NVE handsama Risbruelva kraftverk saman med ti andre søknader om små vasskraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar. NVE vurderte òg småkraftsakene opp mot søknaden om løyve til bygging av Tokagjelet kraftverk, som er eit større kraftverk som kan gi ein årleg produksjon på om lag 74 GWh. NVE av slo åtte av småkraftverka, av desse er det klaga på Skåro kraftverk, Kastdalselvi kraftverk og Risbruelva kraftverk. NVE rår i innstilling av 6.7.2015 til at det blir gitt løyve til Tokagjelet kraftverk.

2. NVE sine vurderingar

I KSK-notat 66/2015 er NVE sine vurderingar summert slik:

"...

I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Risbruelva kraftverk vil ha negative konsekvenser for biologisk mangfold. Risbruelva inneholder de to viktigste kartlagte bekkeløftene i Steinsdalen. NVE mener at tiltaket vil være i konflikt med naturmangfoldloven §§ 4 og 10. Dette er på grunn av de høye verdiene Risbruelva og samlet belastning på bekkeløfter i Steinsdalen dersom Tokagjelet og Skeie kraftverk realiseres. Etter NVEs vurdering vil ikke de positive sidene ved en utbygging i form av omtrent 5,0 GWh/år i fornybar energiproduksjon overstige disse ulempene."

3. Klagen

Kvam kraftverk AS klagar i brev av 13.8.2015 på NVE sitt avslag på søknaden om løyve til bygging av Risbruelva kraftverk. Klagen er grunngjeve ytterlegare i brev av 31.8.2015. Klagar meiner at fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene. Klagen kan summerast slik:

- Klagar meiner at det ikkje er lagt tilstrekkeleg vekt på kraftverket sitt bidrag til lokal verdiskaping i NVE sitt vedtak.
- Klagar meiner prosjektet ikkje har negative verknadar for lokale allmenne og private interesser. Klagar syner til at området er lite brukt til tur- og fritidsaktiviteter og at ingen av høyringspartane var negative til prosjektet.
- Klagar meiner at NVE har lagt for liten vekt på uttale frå Faun Naturforvaltning om at topografi, klima og berggrunn har større betyding for det biologiske mangfaldet langs vassdraget enn vassføringa. Klagar meiner vidare at NVE i for liten grad har tatt omsyn til restvassføringa i si vurdering.

4. Departementet sine merknadar

Løyve til Risbruelva kraftverk kan bli gitt om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynte for å grunngje avgjerda.

Det biologiske mangfaldet i tiltaksområdet for Risbruelva kraftverk er kartlagt i fleire omgangar. Området ble undersøkt i Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) sitt bekkekløftprosjekt i 2009, i 2011 ble området undersøkt av Faun Naturforvaltning AS som del av søknaden sin miljørapport og i 2014 ble området kartlagt som del av Miljøfaglig Utredning AS og Biofokus sine etterundersøkingar av flora og naturtypar i elver med planlagt småkraftutbygging. Sistnemnte er del av ei undersøking bestilt av NVE for å vurdere kvaliteten på undersøkingane som blir lagt til grunn i småkraftsøknadar.

Delar av Risbruelva, Revsgjelet, er avgrensa som naturtypen bekkekløft. I bekkekløft-prosjektet og søknaden sin miljørapport er denne lokaliteten vurdert til å vere av viktig verdi (verdi-B). Det ble ikkje funne nokon trua artar utover ask og alm, som begge har status som sårbar (VU) i Rødlista 2015, i desse undersøkingane, men det blei vurdert å vere potensial for funn av vassdragstilknytt artar. I FOU-prosjektet er bekkekløfta avgrensa som to lokaliteter, begge av viktig verdi (B-verdi). Denne verdisettinga er gjort etter metodikk i DN-Håndbok 13 (2007). Det blei registrert tre nye lav- og mosearter som har status som trua eller nær trua i Rødlista 2015, ein av desse den vassdragstilknytt arten hårkurlemose. Hårkurlemose, som har status som sårbar (VU) i Rødlista 2015, er ifølgje Artsdatabanken sitt faktaark trua av vasskraftutbygging og andre inngrep som påverkar vassføring. Redusert vassføring er i FOU-rapporten vurdert til å ha stor negativ konsekvens for naturverdiane knytt til bekkekløft-lokaliteten i øvre del og middels negativ konsekvens for bekkekløftlokaliteten i nedre del.

I departementet sine ”Retningslinjer for små vannkraftverk” (2007) står det at *”tiltak som kommer i konflikt med arter som er ”kritisk truet” eller ”sterkt truet”, eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeliggjøre nasjonal oppfyllelse av internasjonale avtaler kan ikke påregne konsesjon”*. I dei same retningslinjene blir det lagt til grunn at Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på bekkekløfter og fossesprøytsoner.

Risbruelva kraftverk vil medføre lengre og hyppigare periodar med låg vassføring på elvestrekninga som får redusert vassføring. I tillegg vil størrelsen på vassføringa i flomtoppane bli redusert. Sjølv om det vil vere betydeleg flomoverløp under snøsmelting og ved store nedbørmengder, samt at kraftverket ikkje vil vere i drift i periodane der vassføringa er lågare enn lågaste driftsvassføring, vil vassføringa i Risbruelva mellom inntak og kraftstasjon berre bestå av minstevassføring og bidrag frå eit avgrensa restfelt i store periodar av året.

Revsgjelet har mange av dei same naturverdiane som Tokagjelet. Ei utbygging av Tokagjelet kraftverk kan gi negative verknadar for førekomstar av naturtypene bekkekløft (B-verdi) og fossesprøytsone (B-verdi) og råmekrevjande lav- og moseartar. Dersom både Risbruelva kraftverk og Tokagjelet kraftverk får løyve og blir realisert, vil det føre til auka samla belastning på desse naturverdiane. NVE har tillagt dette vekt i avslaget for Risbruelva kraftverk.

Departementet meiner det må bli lagt til grunn at Risbruelva kraftverk vil ha negative konsekvensar for naturtypen bekkekløft og førekomsten av den trua arten hårkurlemose som følgje av betydeleg redusert vassføring. Bekkekløfter er verdifulle naturtypar som Noreg og

har eit internasjonalt ansvar for å forvalte. Departementet legg òg vekt på dei samla konsekvensane på bekkekløfter i Steinsdalen og har sett klagen i samband med NVE si tilråding for Tokagjelet kraftverk, som er eit vesentleg større prosjekt med ein årleg produksjon på om lag 74 GWh. Tokagjelet er gjeve endeleg løyve samstundes med departementet sitt vedtak for Risbruelva kraftverk.

Etter departementet si vurdering kan ikkje ulempene for biologisk mangfald ved ei utbygging av Risbruelva kraftverk i tilstrekkeleg grad bli avbøta gjennom slepp av minstevassføring eller andre tiltak. Departementet meiner det er klart at ulempene er større enn det relativt avgrensa bidraget til ny fornybar energi og andre fordelar ved ei utbygging.

Departementet finn ikkje grunnlag for å gå mot NVE si vurdering om å avslå Risbruelva kraftverk. Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Risbruelva kraftverk er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagen frå Kvam kraftverk AS blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 3.7.2015 om å avslå Risbruelva kraftverk blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.

Kopi til:

Kvam kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Fylkesmannen i Hordaland